



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer:	819 180 822
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	VOSS ENERGI AS
Forretningsadresse:	Brynalii 66 5705 VOSS

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2020 - 31.12.2020
-------------------------	-------------------------

### Konsern

Mørselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Ja

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet:	Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Rune Nesheim
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	03.06.2021

### Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 22.06.2022



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Anna driftsinntekt	3	11 330 562	12 865 973
<b>Sum inntekter</b>		<b>11 330 562</b>	<b>12 865 973</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønskostnader	4, 13	5 937 836	6 983 654
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	6	591 457	609 809
Annan driftskostnad	4, 5	4 489 981	4 771 793
<b>Sum kostnader</b>		<b>11 019 274</b>	<b>12 365 256</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>311 288</b>	<b>500 717</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Inntekt på investering i dotterselskap	7	171 131 879	20 000 000
Renteinntekt frå føretak i same konsern		626 667	3 997 896
Anna renteinntekt		603 003	776 705
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>172 361 549</b>	<b>24 774 601</b>
Nedskrivning av finansielle eiendeler	7	101 500 000	2 000 000
Annan rentekostnad	14	9 138 455	11 551 252
Annan finanskostnad		8 865 879	0
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>119 504 334</b>	<b>13 551 252</b>
<b>Netto finans</b>		<b>52 857 215</b>	<b>11 223 349</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>53 168 503</b>	<b>11 724 066</b>
Skattekostnad	17	3 886 481	3 221 013
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>49 282 022</b>	<b>8 503 053</b>
<b>Årsresultat</b>	23	<b>49 282 022</b>	<b>8 503 053</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Ordinært utbytte		7 290 000	7 025 000
Overført frå (-)/til annan eigenkapital		41 992 022	1 478 053
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>49 282 022</b>	<b>8 503 053</b>



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
---------------------	-------------	-------------	-------------

---



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Transportmidlar, maskiner, inventar		1 420 555	1 132 473
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	6	<b>1 420 555</b>	<b>1 132 473</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	7	343 959 674	440 559 674
Investeringar i tilknytt selskap	7	5 575 000	5 575 000
Netto pensjonsmidlar kollektiv ordning	13	1 683 129	1 853 150
Andre fordringar		176 273	115 102
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>351 394 076</b>	<b>448 102 926</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>352 814 631</b>	<b>449 235 399</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Kundefordringar		0	495 667
Andre fordringar		3 235 877	2 335 215
Konsernkrav		99 189 249	88 692 856
<b>Sum krav</b>		<b>102 425 126</b>	<b>91 523 738</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar o.l.	19	14 832 953	17 149 605
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>14 832 953</b>	<b>17 149 605</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>117 258 079</b>	<b>108 673 343</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>470 072 710</b>	<b>557 908 742</b>

### BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital (1.000.000 aksjar à kr 59)	11	59 000 000	59 000 000
Overkurs		91 953 702	91 953 702
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>150 953 702</b>	<b>150 953 702</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		43 470 074	1 478 053
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>43 470 074</b>	<b>1 478 053</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>194 423 776</b>	<b>152 431 755</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Utsett skatt	17	296 435	318 028
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>296 435</b>	<b>318 028</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	18	200 100 000	188 000 000
Ansvarleg lån	9, 14	0	130 000 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>200 100 000</b>	<b>318 000 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>200 396 435</b>	<b>318 318 028</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar		32 696 007	0
Leverandørgjeld		1 697 436	1 012 149
Betalbar skatt	17	3 908 074	3 115 644
Skuldige offentlege avgifter		6 644 575	3 861 622
Utbytte		7 290 000	7 025 000
Kortsiktig konserngjeld		21 082 829	69 459 985
Anna kortsiktig gjeld		1 933 578	2 684 559
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>75 252 499</b>	<b>87 158 959</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>275 648 934</b>	<b>405 476 987</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>470 072 710</b>	<b>557 908 742</b>



## Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Kraftsal	3, 16, 22	56 102 092	112 679 497
Nettleige	3, 10, 16	92 803 025	109 090 490
Inntekt televerksemd	3	32 894 521	24 443 815
Anna driftsinntekt	3	10 195 130	9 628 327
<b>Sum inntekter</b>		<b>191 994 768</b>	<b>255 842 129</b>
<b>Kostnader</b>			
Aktivisering egne investeringsarbeid		-11 223 079	-8 161 913
Kraftkjøp		25 043 648	75 056 272
Overføringskostnader		18 772 133	23 546 707
Andre varekostnader		8 283 366	7 783 768
Lønskostnader	4, 13	43 937 496	46 644 392
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle egedelar	6	28 879 570	30 013 010
Annan driftskostnad	4, 5	42 833 767	39 329 041
<b>Sum kostnader</b>		<b>156 526 901</b>	<b>214 211 277</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>35 467 867</b>	<b>41 630 852</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Inntekt på investering i tilknytt selskap	7	601 705	-353 052
Anna renteinntekt		1 079 641	1 895 130
Anna finansinntekt		15 024	
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>1 696 370</b>	<b>1 542 078</b>
Annan rentekostnad		14 089 369	15 384 406
Annan finanskostnad		48 388	25 000
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>14 137 757</b>	<b>15 409 406</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-12 441 387</b>	<b>-13 867 328</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>23 026 480</b>	<b>27 763 524</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	17	6 697 611	19 553 377



## Konsernets resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>16 328 869</b>	<b>8 210 147</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>16 328 869</b>	<b>8 210 147</b>
Minoritetsinteresser		768 419	-587 140
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>15 560 450</b>	<b>8 797 287</b>



### Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Utsett skattefordel	17	3 907 449	3 907 449
Goodwill	6	0	276 359
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>3 907 449</b>	<b>4 183 808</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Kraftverk, fordelingsnett, bygningar og annan fast eigedom		551 032 800	544 731 562
Transportmidlar, maskiner, inventar		32 273 724	55 777 453
Anlegg i arbeid		104 569 629	48 051 141
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>687 876 153</b>	<b>648 560 156</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i tilknytt selskap	7	16 987 907	11 732 534
Investeringar i aksjar og andelar		434 028	434 028
Netto pensjonsmidlar kollektiv ordning	13	5 527 811	6 588 217
Andre fordringar		3 333 596	3 043 702
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>26 283 342</b>	<b>21 798 481</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>718 066 944</b>	<b>674 542 445</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Lagerbeholdning	8	2 624 204	2 791 806
<b>Sum varer</b>		<b>2 624 204</b>	<b>2 791 806</b>
<b>Krav</b>			
Kundefordringar		47 922 224	50 986 642
Andre fordringar		19 716 740	20 114 448
<b>Sum krav</b>		<b>67 638 964</b>	<b>71 101 090</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar o.l.	19	16 617 471	19 077 444
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>16 617 471</b>	<b>19 077 444</b>



### Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum omløpsmiddel		86 880 639	92 970 340
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>804 947 583</b>	<b>767 512 785</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital (1.000.000 aksjar à kr 59)	11	59 000 000	59 000 000
Overkurs		91 953 702	91 953 702
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>150 953 702</b>	<b>150 953 702</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		14 000 925	1 230 090
Minoritetsinteresser		5 349 328	3 980 910
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>19 350 253</b>	<b>5 211 000</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>170 303 955</b>	<b>156 164 702</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Utsett skatt	17	5 573 435	5 166 751
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>5 573 435</b>	<b>5 166 751</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	18	342 800 000	287 700 000
Ansvarleg lån	9, 14	130 000 000	130 000 000
Forskotsleige Hodnaberg	21	5 122 895	5 696 895
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>477 922 895</b>	<b>423 396 895</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>483 496 330</b>	<b>428 563 646</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar		32 696 007	37 620 000
Akkumulert meirinntekt	10	32 777 623	27 523 623
Leverandørgjeld		34 877 405	47 995 081
Betalbar skatt	17	6 972 790	16 787 908
Skuldige offentlege avgifter		23 133 177	20 796 790



## Konsernets balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Utbytte		7 290 000	7 025 000
Anna kortsiktig gjeld		13 400 295	25 036 035
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>151 147 297</b>	<b>182 784 437</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>634 643 627</b>	<b>611 348 083</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>804 947 582</b>	<b>767 512 785</b>



## Voss Energi konsern - Styret si årsmelding 2020

### Konsernet Voss Energi

Voss Energi AS er eigd av Voss herad og vert drive frå Voss. Drifta omfattar produksjon, distribusjon og omsetnad av elektrisk kraft, samt levering av fiber- og breibandtenester. Konsernet Voss Energi omfattar morselskapet Voss Energi AS og dotterselskapa Voss Energi Nett AS, Voss Energi Kraft AS, Voss Energi Produksjon AS og Voss Fiber AS. Dotterselskapa er 100% eigd av morselskapet med unntak av Voss Fiber AS der eigarparten er 80%. Alle selskapa er lokaliserte i og vert drivne frå Voss.

Som følgje av krav i energilova om selskapsmessig og funksjonelt skille mellom nettverksemd og all anna verksemd, er det gjennomført funksjonelt skille mellom Voss Energi Nett AS og dei andre selskapa i konsernet frå 01.01.2021, og Voss Energi Nett AS har fått ny dagleg leiar frå 01.01.2021.

### Økonomi morselskap

Rekneskapan for 2020 er gjort opp med eit årsresultat etter skatt på kr 49.282.022. Resultatet før skatt er kr 53.168.503, medan driftsresultatet er kr 311.288. Totalkapitalen i morselskapet ved utgangen av året er kr 470.072.710. Eigenkapitalen er kr 194.423.776 som gir ein eigenkapitalandel på 41,4 %. Likviditeten i selskapet er kr 14.832.954, og likviditetsgrad 1 er 1,6.

Selskapet sine driftsinntekter kjem frå konserninterne tenester; administrasjon, økonomi, personell og IKT, som vert ytt til dotterselskapa.

Langsiktig gjeld utgjer pr. 31.12. kr 200.100.000. Det ansvarlege lånet frå eigar Voss herad på kr 130.000.000 vart i 2020 overdratt frå morselskapet til Voss Energi Nett AS og Voss Energi Produksjon AS med kr 65.000.000 på kvart selskap, og som motyting vart dette debitorskiftet gjort opp med eit tilleggsutbytte. Kortsiktig gjeld til selskap i konsernet er kr 21.082.829.

### Økonomi konsern

Konsernrekneskapan for 2020 er gjort opp med eit årsresultat etter skatt på kr 16.328.869 mot kr 8.210.147 i 2019. Resultatet før skatt er kr 23.026.480 medan driftsresultatet er kr 35.467.867. Samla driftsinntekter er kr 191.994.768 mot kr 255.842.129 i 2019. Samla avskrivningar er kr 28.879.570 mot kr 30.013.010 i 2019.

Totalkapitalen i konsernet ved utgangen av året er kr 804.947.583. Eigenkapitalen er kr 170.303.955 som gir ein eigenkapitalandel på 21,2 % mot 20,3 % pr. 31.12.2019. Likviditeten i konsernet er kr 16.617.471, og likviditetsgrad 1 er 0,6.

Langsiktig gjeld utgjer pr. 31.12. kr 477.922.895, der kr 130.000.000 er ansvarleg lån frå eigar Voss herad. Vilkåra for ansvarleg lån frå eigar Voss kommune vart fornya med tilleggsavtale til gjeldande avtale med verknad frå 25.09.2013. Det er fastsett ny marknadsbasert fastrente for lånet i 10 år, avdragsfri periode er sett til 10 år og lånet skal deretter nedbetalast over 25 år frå 25.09.2023. Lånet kan likevel ikkje tilbakebetalast dersom eigenkapitalandelen er under 30 %. Det ansvarlege lånet frå Voss herad er fordelt med kr 65.000.000 i Voss Energi Produksjon AS og 65.000.000 kr i Voss Energi Nett AS.

### Fortsatt drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om fortsatt drift av selskapet. Styret vurderer selskapet sin økonomi som god og at det er grunnlag for vidare utvikling av selskapet.

### Nettverksemd

Voss Energi Nett AS er medelt områdekonsesjon og har ansvaret for straumforsyninga innafør Voss herad med unntak av områda som tidlegare var i Granvin herad og Ullensvang herad. Selskapet har 8 transformatorstasjonarar, 636 fordelingstransformatorar og totalt 1.723 km linjenett der høgspenningsnettet utgjer 500 km. Talet på sluttbrukarkundar ved årskiftet er 12.128.

Samla kraftomsetnad inklusiv nettap innan forsyningsområdet var 259,4 GWh mot 262,7 GWh i 2019. Samla overført kraftmengde til sluttkundar var 240,5 GWh, mot 241,7 GWh i 2019. Innmata produksjon frå småkraftverk i distribusjonsnettet var 188,1 GWh mot 107,7 GWh i 2019. Tapet i nettet var 18,9 GWh mot 21,0 GWh i 2019.



Driftsmessig var 2020 eit roleg år med feilsituasjonar og driftsforstyrningar i distribusjonsnettet på nivå med året før. I alt medførte feilsituasjonar og planlagde utkoplingar til kostnader for ikkje levert energi (KILE) på kr 1.121.000 mot kr 1.153.000 i 2019. Utvikling i driftsforstyrningar vert følgd nøye slik at det kan vurderast og iverksettast tiltak eller at planlagde fornyingar kan omprioriterast.

Viktige driftsoppgåver er årleg linjesynfaring og systematisk skogrydding. Linjesynfaring for å oppdaga feil og avvik slik at desse kan rettast før dei fører til feilsituasjonar, og skogrydding for å halda linjetraséane ryddige og hindra at tre og greiner kjem i kontakt med linjene og medfører driftsforstyrningar. Skogrydding vert utført med innleigd skogsentreprenør. Omgjening frå luft- til kabelnett betrar forsyningssikkerheita, og i 2020 vart høgspenningsluftnettet redusert med 6 km og kabelnettet auka med 10 km. Fornyng av linjenettet ligg på eit nivå som opprettheld leveringskvaliteten i nettet, og i 2020 vart mellom anna siste strekning med fornyng av høspenningsnettet mellom Skulestadmo og Vinje gjennomført, eit prosjekt som har pågått dei siste fire åra. Ny transformator (T2) med yting 40 MVA og tilhøyrande apparat- og kontrollanlegg i Voss transformatorstasjon vart sett i drift i mars 2020. Den nye transformatoren aukar leveringskapasiteten og betrar forsyngstryggleiken til Voss sentrum.

Selskapet utfører drift og vedlikehald av kommunalt veg- og gateljos.

#### **Kraftsal og marknad**

Gjennomsnittleg elspotpris i vårt område var 9,7 øre/kWh mot 38,7 øre/kWh i 2019, med lågaste månadspris i juli og høgast i januar. Lågaste vekepris var 1,3 øre/kWh i veke 27, medan høgaste vekepris var 30,6 øre/kWh i veke 1. Til samanlikning er gjennomsnittleg elspotpris første tre månader i 2021 lik 48,7 øre/kWh. Det låge prisnivået i 2020 følgjer av mild og snørik vinter i 2020, godt tilsig, mykje nedbør og høg kraftproduksjon.

Selskapet sitt kraftsal føregår i Voss Energi Kraft AS, og skjer med basis i lokalmarknaden. Det er også inngått avtalar om kraftlevering til nokre kundar utafor selskapet sitt forsyningsområde. Selskapet følgjer nøye med i utviklinga i konkurransen i kraftmarknaden og tilpassar seg dei endringar som skjer. Vinteren/våren 2021 har marknadsprisen stige kraftig i høve nivået i 2020, og er i 1. kvartal 2021 265% høgare enn i 4. kvartal 2020. Vinteren 2021 har vore svært kald og nedbørsfattig i høve til vinteren 2020.

Selskapet tilbyr også sal, montering og vedlikehald av varmpumper.

#### **Kraftproduksjon**

Selskapet sin kraftproduksjon føregår i Voss Energi Produksjon AS og Gosland Kraft AS, som til saman hadde tre kraftverk i drift i 2020; Hodnaberg, Rognsfossen og Gosland. Hodnaberg kraftverk er magasinkraftverk med Torfinnsvatn som magasin. Her har selskapet felles reguleringskonsesjon med BKK og tilhøyrande driftssamarbeid. Palmafossen, Rognsfossen og Gosland kraftverk er elvekraftverk utan moglegeheit for magasinering av vatn.

Samla kraftproduksjon i 2020 var 161,1 GWh, medan forventa gjennomsnittleg årsproduksjon er 140,4 GWh.

Selskapet er medeigar i Bulko Kraft AS som står for drift av Bulko kraftverk i Bulkoelvi. Voss Energi sin del i selskapet er 18,8 %. Produksjonen i 2020 vart 9,2 GWh, medan gjennomsnittleg årsproduksjon er 7,4 GWh.

Opprusting og utvidinga av nytt Palmafossen kraftverk pågår. Mild vinter 2020 medførte større vanskar med vasshandtering enn føreset, og prosjektet er forseinka med ca. eitt år. Nye Palmafossen kraftverk kjem etter planen i drift juni 2021.

Gosland Kraft AS var eigd av Voss Energi Produksjon AS 100 % fram til 30.11.2020, og derifrå 34 %. Grunneigarane har i samsvar med avtale nytta retten til å kjøpa inntil 66 % av aksjane i selskapet. Aksjane vart overført 30.11.2020. Den 21.12.2020 vart grunneigarane sin aksjepost overdrege til Småkraft AS. Voss Energi Produksjon AS har valt å ikkje nytta forkjepsretten til aksjeposten, og har no akseptert bod på aksjeposten på 34 % frå Småkraft AS. Overtaking vert med verknad frå 01.07.2021.

Selskapet har konsesjon for overføring av Svartavatn og Kroatjørnane til Torfinnsvatn. Overføringane vil gje ein produksjonsauke i Hodnaberg kraftverk på høvesvis 14 og 2 GWh. Styret har, basert på vurdering av lønsemd, gjort investeringsvedtak for overføring av Svartavatn. Det er inngått kontrakt med entreprenør, og arbeidet vart sett i gang hausten



2020. Det er ikkje gjort vedtak knytt til overføring av Krokattjørnane, men det vert forhandla med grunneigarane om avtale for å nytta vassrettane.

### **Breiband og fiber**

Selskapet si fiber- og breibandverksemd føregår i Voss Fiber AS som tilbyr tenester til både nærings- og privatkundar i Voss. Voss Energi sin eigardel i selskapet er 80,0 % medan RTI AS eig resterande 20 %.

Også år 2020 har vore prega av høg utbyggingsaktivitet og god vekst i kundemassen. Det har vore fiberutbygging på Bolstad, Skulestad, Vinje, Sundve, Oppheim, Myrkdalen og Haugsvik, samt fibersamband til kommunegrensa mot Aurland i Nærøydalen. I tillegg til vekst i kundemassen var overgangen til eigen internettaksess i 2019 viktig for selskapet sin kundelojalitet og inntening.

### **Bioenergi**

Selskapet og Indre Hordaland Miljøverk IKS eig både 50 % av aksjane i Hordaland Bioenergi AS. Hordaland Bioenergi sitt formål er produksjon av bioenergi basert på lokale råvarer, utbygging og drift av varmesentralar, samt det som naturleg høyrer til dette. Selskapet har fire varmesentralar i drift; Framnes, Myrkdalen, Skulestad og Gjernesmoen. Sistnemnde vart sett i drift hausten 2017 og forsyner mellom anna badeanlegg, Voss Gymnas og fleire større bygg i Voss sentrum. Fjernvarmeleidningen over Prestegardslandet er no grave ned, og leidningen ligg no i godkjent permanent trasé. Det er potensiale for vidare utviding og tilknytning av fleire kundar, særleg knytt til fjernvarmenettet i sentrum.

### **Risiko og usikkerheitsfaktorar**

Selskapet si tillatte inntekt frå nettverksemda vert fastsett av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjennom ein inntektsrammemodell der alle nettselskap i landet vert målt mot kvarandre. Endringar i inntektsrammemodellen og inngangsverdiar i denne har, og kan medføre relativt store endringar i tillatt inntekt frå år til år. Ettersom nettselskapet ikkje har nokon dominerande kundar, og i gitte situasjonar har mogelegheit for å stenga straumleveransen, vert kredittrisikoen knytt til nettkundar vurdert til å vera avgrensa.

Selskapet sine inntekter frå kraftproduksjon følgjer av noteringar på den nordiske kraftbørsen, og prisnivået kan endra seg raskt, på både kort og lang sikt. Deler av produksjonsvolumet er derfor prissikra, slik at inntektene frå produksjonsverksemda skal endra seg mindre enn endringane på kraftbørsen. 40 GWh er prissikra i 2021, som i 2020.

Kraftsal til kundar som inngår fastpriskontraktar vert prissikra samstundes som salet vert gjennomført, slik at risiko for prisendring vert eliminert. Kraftselskapet har som nettselskapet heller ingen dominerande kundar, og kredittrisikoen vert vurdert som avgrensa.

Fiberkundane kan sei opp avtaleforholdet sitt med relativt kort varsel, men risikoen for dette vert vurdert som avgrensa då fiberen ikkje kan overtakast av annan leverandør. Konkurransen i fibermarknaden er framleis til stades, men Voss Fiber har svært god og aukande marknadsandel.


Basert på avtale med bank om driftskreditt og finansiering, vurderer styret selskapet sin likviditetsrisiko som avgrensa.

Konsernet sine lån er i norske kroner. Med unntak av ansvarleg lån til eigar, er renta på langsiktige lån flytande. Det ikkje vil få alvorlege følgjer for konsernet om renta stig.

Koronavirus/Covid-19 pandemien som pågår kan påverka selskapet ved redusert kraftomsetnad og redusert inntekter, og kundar som kan få betalingsvanskar. Selskapet sin likviditet kan som følgje av nemnde forhold verta svekka, men så langt har dette ikkje skjedd i nevneverdig omfang.

### **Organisasjon, personale og arbeidsmiljø**

Ved utgangen av året var det 48 tilsette, av desse er 4 lærlingar i energimontørfaget. Av dei 48 tilsette er 40 menn og 8 kvinner. Antal årsverk i 2020 var totalt 48. Med unntak av administrasjon, økonomi, marknad og kundehandsaming er selskapet si verksemd knytt til ein bransje der menn generelt er i overvekt. Selskapet ønskjer auka kvinneandel, men også i skuleverket som danner grunnlaget for rekruttering av nye medarbeidarar, særleg til energimontørfaget er kvinnene få.



Arbeid med verne- og miljøarbeidet og internkontrollsystem med mellom anna årleg gjennomgang av driftsfrskrifter for teknisk personale og årleg kontroll av løfteutstyr. Lovpålagde kurs og øvingar er gjennomført. Rapportering av avviksmeldingar har halde fram også i 2020, og totalt antal rapporterte avvik i konsernet i 2020 vart 81 mot 92 i 2019. Størsteparten av desse var rapportert i nettselskapet. Det er registrert 1 skade som medførte sjukefråvær, og tilhøyrande skadefråværsfrekvens H1 er 11,8. Selskapet er tilknytt bedriftshelseteneste *Bedriftshelse1* og har avtale med NAV som IA-bedrift. Samla sjukefråvær i konsernet var 1,8 % i 2020 mot 2,7 % i 2019.

### Ytre miljø

Produksjon og distribusjon av elektrisk kraft skjer i samsvar med lover, forskrifter og medelte konsesjonar. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø utover det som normalt følgjer av energiverksemd. Voss Energi legg vekt på ta omsyn til miljø og estetikk ved utbygging og drift av elnettet, mellom anna ved at luftlinjer vert lagt i kabel der tilhøve ligg til rette for det i samband med fornying av gamle anlegg og ved nyinvesteringar. Selskapet har rutiner for handsaming av avfall, og alt avfall vert kjeldesortert før levering til mottak.

### Framtidsutsikter

Styret vurderer selskapet sine mogelegheiter for vidare utvikling som gode, men påpeikar at det er viktig å halda rett balanse mellom selskapet sitt behov for kapital til komande investeringar sett i høve til aksjeeigar sitt krav om avkastning. Selskapet har framleis nokre større investeringar dei komande åra og nokre av desse må lånefinansierast. Behovet for investeringar er størst dei næraste åra, og er knytt til forsterking av dammar og utbetring av røyrgate til Hodnaberg kraftverk, overføring av Svartavatn til Torfinno, samt vidare utbygging av fibernet. Styret har som målsetting at eigenkapitalandelen til konsernet på sikt må vera over 25 %.

### Disponering av overskot


For å sikra eigar jamnare og meir føreseieleg utbytte vart det i samband med fastsettinga av rekneskapen for 2012 vedteke at grunnlaget for utbyttet vert fastsett til 60 % av gjennomsnittet av dei siste fem årsresultat, og dette prinsippet er nytta i alle etterfølgjande år.

Etter ei samla vurdering av selskapet si stilling og i tråd med prinsippet for fastsetting av utbytte, fremmar styret følgjande framlegg til disponering av morselskapet sitt årsresultat på kr 49.282.022:

Overført til anna eigenkapital:	kr 41.992.022
Avsett til utbytte:	kr 7.290.000
Sum disponert:	kr 49.282.022


Voss, 10. mai 2021


  
Atle Neteland  
Styreleiar

  
Bjørg Djukastein  
Nestleiar

  
Jorunn Lødemel  
Styremedlem

  
Unn Fauskanger  
Styremedlem

  
Morten Helgaset  
Styremedlem tilsette

  
Rune Nesheim  
Adm. direktør



# Deloitte.

Deloitte AS  
Lars Hilles gate 30  
Postboks 6013 Postterminalen  
NO-5892 Bergen  
Norway

Tel: +47 55 21 81 00  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Voss Energi AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

## Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

### Konklusjon

Vi har revidert Voss Energi AS' sin årsrekneskap som viser eit overskot i selskapsrekneskapen på kr 49.282.022 og eit overskot i konsernrekneskapen på kr 16.328.869. Årsrekneskapen består av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følgjer med eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til Voss Energi AS per 31. desember 2020 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne dato i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.
- gir konsernrekneskapen som følgjer med eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til konsernet Voss Energi AS per 31. desember 2020 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne dato i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the "Deloitte organization"). DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) to learn more.

© Deloitte AS

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening  
Organisasjonsnummer: 980 211 282

Permeto Dokumentnrøkke: DOEMN-0X4E-NOEAT-2MLAN-3A82Y-75UZ5



## Deloitte.

side 2  
Melding frå uavhengig revisor -  
Voss Energi AS

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapets og konsernets sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Perneio Dokumentnrøkket: DOEMN-0X4E-NOEAT-2MLAN-3A82Y-75UZ5



**Deloitte.**

side 3  
Melding frå uavhengig revisor -  
Voss Energi AS

**Utsegn om andre lovmessige krav**

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 12. mai 2021  
Deloitte AS

Bjørn Lyse Opdal  
statsautorisert revisor

Penneo Dokumentnøkkel: DOEMN-0XH4E-NOEAT-2MLAN-3A8ZY-75UZ5



# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## BJØRN LYSE OPDAL

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5990-4-2647745

IP: 77.16.xxx.xxx

2021-05-12 20:19:35Z



Penneo Dokumentnøkkel: DOEMN-0XH4E-NOEAT-2MLAN-3A8ZY-75UZ5

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



# Konsernrekneskap

**Voss Energi AS**

2020



## Konsernrekneskap Voss Energi AS Resultatrekneskap

Morselskap					Konsern	
2019	2020	NOTE	DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADAR	2020	2019	
0	0	3, 16, 22	Kraftsal	56 102 092	112 679 497	
0	0	3,10,16	Nettleige	92 803 025	109 090 490	
0	0	3	Inntekt televerksemd	32 894 521	24 443 815	
12 865 973	11 330 562	3	Anna driftsinntekt	10 195 130	9 628 327	
<b>12 865 973</b>	<b>11 330 562</b>		<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>191 994 768</b>	<b>255 842 129</b>	
0	0		Aktivering egne investeringsarbeid	-11 223 079	-8 161 913	
0	0		Kraftkjøp	25 043 648	75 056 272	
0	0		Overføringskostnader	18 772 133	23 546 707	
0	0		Andre varekostnader	8 283 366	7 783 768	
6 983 654	5 937 836	4,13	Lønskostnader	43 937 496	46 644 392	
609 809	591 457	6	Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle egedelar	28 879 570	30 013 010	
4 771 793	4 489 981	4,5	Annan driftskostnad	42 833 767	39 329 041	
<b>12 365 256</b>	<b>11 019 274</b>		<b>Sum driftskostnader</b>	<b>156 526 901</b>	<b>214 211 277</b>	
<b>500 717</b>	<b>311 288</b>		<b>Driftsresultat</b>	<b>35 467 867</b>	<b>41 630 852</b>	
			<b>FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADAR</b>			
20 000 000	171 131 879	7	Inntekt på investering i dotterselskap	0	0	
0	0	7	Inntekt på investering i tilknyttta selskap	601 705	-353 052	
3 997 896	626 667		Renteinntekt fra foretak i samme konsern	0	0	
776 705	603 003		Renteinntektar	1 079 641	1 895 130	
0	0		Anna finansinntekt	15 024	0	
11 551 252	9 138 455	14	Rentekostnad	14 089 369	15 384 406	
2 000 000	101 500 000	7	Nedskrivning av finansielle eiendelar	0	0	
0	8 865 879		Annan finanskostnad	48 388	25 000	
<b>11 223 349</b>	<b>52 857 215</b>		<b>Netto finansresultat</b>	<b>-12 441 387</b>	<b>-13 867 328</b>	
<b>11 724 066</b>	<b>53 168 503</b>		<b>Årsresultat før skattekostnad</b>	<b>23 026 480</b>	<b>27 763 524</b>	
3 221 013	3 886 481	17	Skattekostnad	6 697 611	19 553 377	
<b>8 503 053</b>	<b>49 282 022</b>	23	<b>Resultat i året</b>	<b>16 328 869</b>	<b>8 210 147</b>	
			<b>Minoriteten sin andel av årsresultatet</b>	<b>768 419</b>	<b>-587 140</b>	
			<b>Majoriteten sin andel av årsresultatet</b>	<b>15 560 450</b>	<b>8 797 287</b>	
			<b>OVERFØRINGAR</b>			
1 478 053	41 992 022		Overført frå (-) / til annan eigenkapital			
7 025 000	7 290 000		Foreslått utbyte			
<b>8 503 053</b>	<b>49 282 022</b>		<b>Sum overføringar</b>			



## Konsernrekneskap Voss Energi AS Balanse pr. 31. desember







Morselskap		NOTE	EIGEDELAR	Konsern	
2019	2020			2020	2019
			<b>Anleggsmidler</b>		
			<b>Immaterielle egedelar</b>		
0	0	17	Utsett skattefordel	3 907 449	3 907 449
0	0	6	Goodwill	0	276 359
<u>0</u>	<u>0</u>		<b>Sum immaterielle egedelar</b>	<u>3 907 449</u>	<u>4 183 808</u>
			<b>Varige driftsmidler</b>		
0	0		Kraftverk, fordelingsnett, bygninger og annan fast eiendom	551 032 800	544 731 562
1 132 473	1 420 555		Transportmidlar, maskiner, inventar	32 273 724	55 777 453
0	0		Anlegg i arbeid	104 569 629	48 051 141
<u>1 132 473</u>	<u>1 420 555</u>	6	<b>Sum varige driftsmidler</b>	<u>687 876 153</u>	<u>648 560 156</u>
			<b>Finansielle anleggsmidler</b>		
440 559 674	343 959 674	7	Investering i dotterselskap	0	0
5 575 000	5 575 000	7	Investeringar i tilknytt selskap	16 987 907	11 732 534
0	0		Investeringar i aksjar og andelar	434 028	434 028
1 853 150	1 683 129	13	Netto pensjonsmidlar kollektiv ordning	5 527 811	6 588 217
115 102	176 273		Andre fordringar	3 333 596	3 043 702
<u>448 102 926</u>	<u>351 394 076</u>		<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>	<u>26 283 342</u>	<u>21 798 481</u>
